



# **RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN**

**2008 – 2012**

Vedteke i kommunestyret 13.03.08 (sak PS 025/08)

**AURLAND KOMMUNE**

A thick horizontal red bar with a gradient effect, extending across the width of the page below the text 'AURLAND KOMMUNE'. It intersects with the vertical red line on the left side.

## Forord

Då alkohollova var revidert i 1997, vedtok Stortinget å påleggje kommunane å utarbeida alkoholpolitiske handlingsplanar. Denne føresegna (§ 1-7a i alkohollova) tok til å gjelda 1. januar 1998.

Nyare forskning har vist samanhengar mellom alkoholbruk hos vaksne og bruken av andre stoff som gjev avhengnad, hos ungdom og yngre vaksne. Samtidig vil strategiar og tiltak for å redusera etterspørselen etter alkohol og narkotika stort sett vera dei same. Sosial- og helsedepartementet meiner difor at alle dei rusmiddelpolitiske spørsmåla som kommunane står framfor, bør behandlast i ein heilskapleg rusmiddelpolitisk plan. Det gjer det enklare å sjå dei rusmiddelpolitiske utfordringane i samanheng og prioritera førebyggjande tiltak og hjelpetiltak ut frå den lokale situasjonen og behova i kommunane.

I alkoholpolitikken er det fleire legitime og til dels kryssande interesser. Det gjeld mellom anna omsynet til sosial- og helseinteresser, omsynet til næringsinteresser og omsynet til at alkohol skal vera tilgjengeleg sentralt. Heilskapen i alkoholpolitikken talar for at vi skal ta vare på alle desse interessene. Det er likevel god tradisjon i vårt land at helse- og sosialpolitiske omsyn har vore svært viktige, og i planarbeidet bør kommunane leggja vekt på behovet for å førebyggja dei problema som bruk og misbruk av rusmiddel altfor ofte fører med seg.

Det hender at førebygging, kontrolltiltak og behandling blir oppfatta som separate innsatsområde som ikkje har noko med kvarandre å gjera. Eg ser det ikkje slik. Like eins som behandling spelar dei kontrollpolitiske tiltaka for å redusera tilgjengen av rusmiddel ei viktig førebyggjande rolle og har mykje å seia for utviklinga av rusmiddelskadar og misbruk. Førebygging blir dermed det overordna prinsippet for all innsats på rusmiddelområdet.

Det er viktig å halda fast ved at ikkje alle livsproblem kan eller bør vera eit ansvar for det offentlege. Difor bør det vera eit hovudmål å styrkja evna hos folk til å møte den motgangen livet byr på, og utvikla evna til å ta hand om seg sjølv og ta vare på andre. Dette inneber at grensene mellom offentleg og personleg ansvar må vurderast heile tida. Det er viktig å finna den rette balansen mellom på den eine sida ansvaret og valfridommen til individet og på den andre sida behovet som fellesskapet har for å førebyggje og fremja folkehelsa.

Det kjem mange plankrav til kommunane. Dei ulike planane bør ein, meir enn ein har gjort til no, sjå som delar av det ordinære kommunale planarbeidet. Også den rusmiddelpolitiske planen bør samordnast med kommuneplanen. Plan- og bygningslova legg faktisk til grunn at det er slik kommuneplanlegginga skal gå føre seg.

Tidlegare uttale frå Magnhild Meltveit Kleppa

# Innhold

<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>4</b>
1.1 LOVVERKET.....	4
1.2 ARBEIDET MED PLANEN I KOMMUNEN.....	5
<b>2. VURDERING AV RUSMIDDELSITUASJONEN I KOMMUNEN.....</b>	<b>5</b>
2.1 RUSMIDDELBRUK SOM PROBLEM I KOMMUNEN.....	5
<b>3. RUSMIDDELPOLITISKE MÅL OG STRATEGIAR.....</b>	<b>5</b>
3.1 NASJONALE MÅL OG STRATEGIAR.....	5
3.2 MÅL OG STRATEGIAR FOR KOMMUNEN I PLANPERIODEN.....	6
<b>4. TILTAK FOR Å NÅ DEI KOMMUNALE MÅLA.....</b>	<b>6</b>
4.1 FØREBYGGJANDE TILTAK.....	6
4.2 TILTAK FOR Å REGULERA TILGJENGET AV ALKOHOL.....	6
4.3 TILDELING AV SALS- OG SKJENKJELØYVE.....	7
4.4 SALS- OG SKJENKJETIDER I KOMMUNEN.....	8
4.4.1 Gjeldande skjenkjetid i Aurland kommune.....	8
4.5 DELEGASJON, SAKSBEHANDLING M.M.....	9
4.6 AVGIFTER FOR SAL OG SKJENKING.....	9
4.6.1 Avgifter.....	9
4.7 GJENNOMFØRING AV KUNNSKAPSPRØVEN OM ALKOHOLLOVA.....	10
4.8 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKJELØYVE OG REAKSJONAR PÅ BROTT.....	10
4.8.1 Kontrollverksemd i Aurland kommune.....	10
4.9 FØREBYGGING OVERFOR SPESIELLE GRUPPER.....	10
4.10 HELSEMESSIGE FØLGJER AV ALKOHOLBRUK.....	11
4.11 UNGDOM OG ALKOHOL I AURLAND KOMMUNE.....	11
4.11.1 Skrivne reglar og lover.....	11
4.12 LANGING, SMUGLING OG BRENNING.....	11
4.13 ANDRE FØREBYGGJANDE TILTAK.....	12
4.13.1 Tverrfagleg samarbeid.....	12
4.13.2 Kommunal ungdomsverksemd.....	12
4.13.3 Skule.....	12
4.13.4 Tema i skulane.....	13
4.13.5 Rådgevar.....	13
4.13.6 Tema om alkohol/rus.....	13
4.13.7 Oppfølgingstenesta.....	13
4.13.8 Skulehelsetenesta.....	13
4.13.9 Helsestasjonsverksemd.....	13
4.13.10 Frivillige lag og organisasjonar.....	13
4.13.11 Tiltak for å hjelpe og behandla rusmiddelmissbrukarar.....	13
4.13.12 Kommunal kompetanse.....	14
4.13.13 Rusmiddelkonsulent.....	15
4.13.14 Ettervern.....	15
4.13.15 Aurland kommune – AKAN.....	15
<b>5 GJENNOMFØRING AV PLANEN.....</b>	<b>16</b>
5.1 FØLGJANDE RUSMIDDELPOLITISKE TILTAK SKAL FØLGJAST OPP AV DEI EINSKILDE KOMMUNALE EININGANE: .....	16
5.2 AVGRENSING AV SKJENKJELØYVE.....	16
5.3 AVGRENSING AV SALSØYVE.....	16
5.4 GEBYR.....	16
5.5 RETNINGSLINER FOR REAKSJONAR NÅR VILKÅR FOR OMSETNING AV ALKOHOLHALDIGE VARER VERT BROTNE.....	17
5.6 EVALUERING OG RULLERING AV PLANEN.....	17

# 1. INNLEIING

Dei fleste innbuarane i kommunen vil av og til møta problem som er knytte til rusmidlar. Dette gjeld ikkje berre den einskilde brukar, men og born, ektefelle, vener og andre kjem til tider i kontakt med skadeverknader av alkoholbruk.

Bruk av rusmidlar er difor like mykje eit miljø- og samfunnsproblem som eit privat problem. Dette kjem til syne ved at bruken kvart år er årsaka til store utgifter i samfunnet.

Forskning vedk. avgrensing av befolkninga sin alkoholbruk konkluderer med at:

## **Alkoholpolitikk som kombinerer ulike typar verkemiddel er mest effektiv.**

Avgifter og verkemiddel for å avgrensa tilgjenge, kombinert med opplysning og andre verkemiddel for avgrensing av etterspurnad, er dei viktigaste elementa i den kommunale alkoholpolitikken.

Arbeidet med å redusera bruken av alkohol vil m.a. handla om å gjera befolkninga kjend med skadeverknader ved alkoholbruk og dei verknader alkoholbruk har på oppleving og sosiale relasjonar. Framtidig arbeid vil difor handla om å endra førestellingar som er knytte til alkoholbruk, slik at nye vanar vert etablerte, så alkohol ikkje vert det naturlege symbolet å samlast omkring.

Ei oppgåve for kommunen er å vera pådrivar i arbeidet med å redusera alkoholproblema i Aurlandssamfunnet. I tillegg til eigne tiltak, bør kommunen ta del i, stimulera og om vera koordinator for edruskapsfremjande arbeid som vert drive av andre.

Alkoholpolitiske tiltak i Aurland bør vera ein kombinasjon av ulike typar verkemiddel, som t.d.;

Avgifter for skjenking og sal av alkoholhaldige drikkevarer.  
Skjerping av kontrollrutinar på skjenkje- og salsstadene i kommunen.  
Klære konsekvensar ved brot på gjeldande sals- og skjenkjereglar.  
Auka satsing på førebyggjande arbeid blant born og ungdom.  
Fokusering på den vaksne befolkninga sitt alkoholforbruk og drikkemønster.  
Betring av samarbeidet mellom dei kommunale hjelpeinstansane i høve den einskilde misbrukar og denne sin familie.  
Fungerande AKAN-utval i Aurland kommune.

Den konkrete delen av rusmiddelpolitisk handlingsplan dreiar seg svært mykje om alkohol åleine. Kommunestyret føreset at ein i det førebyggjande arbeidet tek med heile ANT - området : Alkohol, Narkotika, Tobakk.

## 1.1 LOVVERKET.

Lovverket inneheld visse rammer for rusmiddelpolitikken. Det pålegg kommunen å løysa ei mengd oppgåver på rusmiddelfeltet. Først og fremst gjeld det desse lovene:

- lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.
- lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v.
- lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene.
- lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester.
- lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykd ommer.
- lov av 28. april 1961 nr. 2 om psykisk helsevern.
- lov av 9. mars 1973 nr. 14 om vern mot tobakkskader.

Det er viktig å sikra ei *konkret* heilskapleg integrering av planen i kommunen. Rusmiddelbruk er ikkje berre eit sosialt problem, det er mellom anna og eit helseproblem. Helse- og sosiallovgjevinga gjev innbyggjarane lik rett til tenestetilbod, uavhengig av alder og problem. Ein føresetnad for å løysa problem som knyter seg til alkohol

og narkotika, er tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Det kan hindra at rusmiddelpolitikken blir avgrensa til næringspolitikk og/eller arbeid i sosialtenesta med dei som treng behandling. Mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet omfattar helsetenesta, skule, kultur- og organisasjonsarbeid m.m. Sosial- og helsedepartementet ynskjer ein meir heilskapleg kommuneplan framfor ein fragmentert handlingsplan. Heilskap og samanheng er ein føresetnad for både planarbeidet og økonomiarbeidet i kommunane.

## 1.2 ARBEIDET MED PLANEN I KOMMUNEN.

Grappa som hadde ansvaret for rullering av "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008-2012" var: Utval for omsorg, oppvekst og kultur, tenesteleiar for helse- og sosial, sosialkonsulent Anja Brekke Moldvær og sakshandsamaren.

Planen bør handsamast i kvar kommunestyreperiode.

Ein har nytta Sosial- og helsedepartementet si rettleiande mal i dette arbeidet.

Den einskilde tenesteeining v/ tenesteleiar er ansvarleg for å setja i verk/følgje opp dei tiltaka som er lista opp i kap. 5 – "Gjennomføring av planen".

## 2. VURDERING AV RUSMIDDELSITUASJONEN I KOMMUNEN.

### 2.1 RUSMIDDELBRUK SOM PROBLEM I KOMMUNEN.

Alkoholdebatt i kommunestyret og andre politiske organ vert ofte avgrensa til spørsmål om ja eller nei til søknader om sals- og skjenkeløyve. Det er sjeldan politiske organ har høve til å drøfta heilskapen i problemområdet; helsemessige og sosiale følgjer av alkoholbruk og følgjer for born og unge sine oppvekstvilkår.

Likevel viser både psykologisk og samfunnsvitenskapelig forskning at hvorvidt anskaffelsen gjøres lettvinnt eller vanskelig, også påvirker gjennomsnittsforbruket hos dem som alt er blitt stordrikkere: det øker med økt tilgjengelighet og reduseres med redusert tilgjengelighet.

Hans Olav Fekjer, Ny viten om alkohol.

I dei langt fleste kommunane vil ein kunna vera einig om at omsetning av alkohol bør avgrensast mest mogeleg, då det tilsynelatande er ein samanheng mellom tilgang og forbruk. Gjeldande oppfatning er at:

**misbruk av alkohol kan føra til sosiale og helsemessige skadeverknader, difor bør omsetninga av alkohol avgrensast mest mogleg.**

I den komande debatten om fornying av sals- og skjenkeløyve i Aurland kommune er det difor viktig at ein tek omsyn til at alkoholbruk er eit felles problem som dei aller fleste kjem i kontakt med før eller sidan.

## 3. RUSMIDDELPOLITISKE MÅL OG STRATEGIAR.

### 3.1 NASJONALE MÅL OG STRATEGIAR.

*Sentrumsregjeringa la i 1998 fram "Handlingsplan for redusert bruk av rusmiddel" – St.prp. nr. 58 for 1997–98.* Planen har som mål å halda oppe ein sterk kontrollinnsats på rusmiddelområdet, styrkja opplysningsverksemda og byggja ut eit meir tilpassa behandlingstilbod. Målet er å gjennomføra ei heilskapleg førebygging.

Fordi utgangspunktet er forskjellig, har alkoholpolitikken og narkotikapolitikken til dels ulike mål. Alkohol er ei lovleg og legitim vare, medan bruk av narkotika er illegalt, så nær som i situasjonar der det er medisinske grunnar til å bruka stoffet. Det er likevel behov for å sjå rusmiddelpolitiske tiltak i samanheng.

Måla kan konkretiserast slik:

- redusera skadeverknader av alkoholbruk, individuelt og for samfunnet.
- redusera misbruken av cannabis, ecstasy og liknande stoff mellom ungdom og yngre vaksne.

- auka kunnskapen om samanhengane mellom bruk/misbruk av ulike rusmiddel.
- heva debutalderen for bruk av alkohol.
- styrkja negative haldningar til narkotika og misbruk av alkohol.
- gje rusmiddelmissbrukarar eit betre og meir effektivt behandlings-, etterverns- og omsorgstilbod.

Strategiar for å oppnå måla:

- Heim og skule må samarbeida i det haldningsskapande arbeidet.
- Frivillige krefter, organisasjonar og ungdomskulturelle miljø må mobiliserast på brei basis.
- Kommunen, det lokale politiet og lokalmiljøa skal spela ei sentral rolle i det førebyggjande arbeidet.
- Det førebyggjande arbeidet skal ha eit langsiktig perspektiv.
- Innsatsen skal rettast mot alle innbyggjarane og mot risikogrupper.
- Ungdom og unge vaksne skal vera viktige målgrupper for innsatsen.
- Behandlings- og omsorgstiltak skal spela på lag med frivillige organisasjonar, grupper og einskildpersonar.
- Ettervernet skal styrkjast.

### **3.2 MÅL OG STRATEGIAR FOR KOMMUNEN I PLANPERIODEN.**

- Å avgrensa den totale rusbruken i kommunen.
- Å styrkja det førebyggjande arbeidet blant vaksne og born/ungdom. Siktemålet er eit mest mogeleg rusfritt oppvekstmiljø.
- Å stimulera lag og organisasjonar, einskildpersonar og institusjonar til å driva edruskapsfremjande arbeid.
- Å gje eit tilbod til personar med rusproblem.
- Å føra ein kritisk sals- og skjenkeløyvepolitikk og å føra streng kontroll med dei løyva som vert gjeve.

## **4. TILTAK FOR Å NÅ DEI KOMMUNALE MÅLA.**

Tiltaka kan delast inn i tiltak for å førebyggja og hindra utvikling av rusmiddelbruk, og hjelpe- og rehabiliteringstiltak for misbrukarar.

### **4.1 FØREBYGGJANDE TILTAK.**

Problem som knyter seg til rusmiddelbruk, oppstår i eit samspel mellom individ, rusmiddel og tilhøve i samfunnet. Skal samfunnet lukkast i å unngå dei problema som rusmiddelbruk kan føra med seg, må ein førebyggja på alle dei ulike arenaene innbyggjarane ferdast i, som heimen, skulen, fritidsarenaene og arbeidsplassen.

Det førebyggjande arbeidet i kommunen bør vera ein kombinasjon av tiltak for å avgrensa og redusera tilgjengelet av rusmiddel og tiltak som fører til mindre etterspørsel.

Førebyggjande arbeid i kommunen har ulike målgrupper.

Allmennførebyggjande tiltak rettar seg mot alle eller store delar av innbyggjarane i kommunen. Målet er å avverja moglege problem før dei dukkar opp. Folkehelseperspektivet er sentralt.

Anna førebygging rettar seg mot individ i faresona og mot problemskapande prosessar som ein ikkje har kunna hindra tidlegare. Målet er å avgrensa utvikling av eller tilbakefall til problemåtferd eller vanskelege livssituasjonar. Tiltak for å redusera rusmiddelbruk hos utsette grupper, grensar i ein del tilfelle mot behandling.

### **4.2 TILTAK FOR Å REGULERA TILGJENGET AV ALKOHOL.**

Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk (alkohollova) regulerer tilgjengelet av alkoholhaldig drikk mellom anna gjennom ordninga med løyve, fastsetjing av vilkår for korleis sal og skjenking skal gå føre seg, og kontroll med at løyvehavarane følgjer vilkåra. Lova inneheld og nokre reglar som tek sikte på å påverka etterspurnaden, mellom anna reglar for aldersgrense og forbod mot alkoholreklame. Alkohollova er eit godt utgangspunkt for kommunen når ein skal utarbeida handlingsplanar som skal vera med og redusera skadeverknadene av alkoholkonsumet.

- **Karakteristiske trekk ved lova.**

All omsetning av alkoholhaldig drikk krev særskilt offentleg løyve. Lova slår fast kva offentleg mynde som kan gje slikt løyve. Kommunen gjev dei fleste løyva, men for visse verksemdar utan lokal tilknytning, eller

når det er særlege krav til geografisk likskap, gjev staten løyve. Prinsippet bak det kommunale løyvesystemet er at det stort sett er lokale politiske organ som skal regulera tilgjenget av alkohol til forbrukarane. Difor er det viktig at kommunen ser tildelinga av løyve i lys av ein heilskapleg rusmiddelplan.

Alle som får løyve, må følgja reglane i alkohollova. Brot på alkohollova eller forskrifter i samsvar med henne, kan føra til at løyvet blir inndrege. Slike brot er og straffbare.

Alle som får skjenkeløyve, skal gjerast særskilt merksame på føresegnene sitt kapittel 2, ”Skjenkesteders plikt til å føre alkoholsvake og alkoholfrie drikker.”

Ved sals- og skjenkestadene skal personalet ha aktuelle utdrag av alkohollova og forskriftene lett tilgjengeleg.

- **Omsyn bak lova.**

Alkohol er ei lovleg vare – i utgangspunktet er det lovleg både å drikka og å omsetja alkohol. Mange menneske har stor glede av å nyta alkohol i moderate mengder, og dei vil gjerne at alkoholhaldige drikkar skal vera rimeleg tilgjengelege – både for innkjøp og i form av servering ved skjenkestader. Dessutan knyter det seg relativt store næringsinteresser til sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.

Sals- og skjenkenæringa ynskjer naturleg nok å kunna driva verksemda si med så få restriksjonar som råd, og i alle fall med gode og trygge rammevilkår. Likevel er det stor semje om at ein, med ulike verkemiddel, skal avgrensa bruken av alkohol.

Omfanget av alkoholskadane har direkte samanheng med omfanget av forbruket. Å avgrensa tilgjenget blir rekna som eit av dei viktigaste verkemidla for å redusera alkoholkonsumet.

Alkohollova prøver å ta vare på dei kryssande omsyna som er nemnde ovanfor, mellom anna ved at all omsetning og tilverking av alkohol i utgangspunktet krev løyve, og ved føresegner om opnings- og skjenketider, aldersgrenser og forbod mot reklame for alkoholhaldig drikk. I tillegg står kommunane svært fritt til å driva sin eigen alkoholpolitikk.

Alkohollova sitt formål er som nemnd; å avgrensa dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan innebera.

Som eit ledd i dette siktar lova på å avgrensa bruken av alkoholhaldige drikkevarer. Det er ikkje mogleg å gje noko uttømmende forklaring på dei alkoholpolitiske tilhøva som ligg innanfor lova sitt formål, men nokre tilhøve kan nemnast:

- Kommunen kan i løyvepolitikken sin leggja vekt på om ein ynskjer fleire sals- og skjenkestader, i heile kommunen eller i avgrensa område.
- Kommunen kan leggja vekt på sals- og skjenkestadene si plassering, profil og målgruppe.
- Kommunen kan leggja vekt på korleis skjenking eller sal skal gå føre seg.
- Kommunen kan, ved fornying av løyve, leggja vekt på korleis løyvehavar har handsama løyvet sitt.
- Kommunen kan leggja vekt på tilhøve som kan ha samanheng med alkoholomsetnad, som t.d. ordensmessige tilhøve.

Ved fornying av løyve er det i forarbeidet til alkohollova, Ot.prop nr. 31, 1988-89, streka under at fornying av skjenkeløyve ikkje skal skje automatisk.

Når løyveperioden går ut, skal det vurderast på nytt om løyve skal gjevast. Det er ikkje naudsynt at det ligg føre noko form for misbruk av løyvet for at kommunen skal kunne nekte fornying. Kommunen har høve til å endra løyvepraksis i ein periode.

Utgangspunktet for fornying av løyve er at det er dei same vurderingane som vert lagde til grunn som ved nye søknader om sals- og skjenkeløyve.

### **4.3 TILDELING AV SALS- OG SKJENKJELØYVE.**

Kommunen kan tildela to hovudtypar løyve:

- salsløyve.
- skjenkeløyve, permanent eller for eit einski lt høve.

**Eit sals- eller skjenkeløyve er eit vedtak som gjev nokon ein fordel. Eit vilkår er eit atterhald som tek sikte på å avgrensa rekkevidda av løyvet. Alternativet kan vera at ein ikkje gjev løyve. Kommunen står likevel ikkje heilt fritt til å setja vilkår for å gje løyve.**

Vilkåret må ha sakleg samanheng med det løyvet som blir gjeve, t.d. skal det fremja føremålet med alkohollova, letta kontrollen eller avverja skadeverknadene ved sal av alkoholhaldig drikk. Det krevst ikkje at kommunen

dokumenterer konkrete, faktiske verknader av vilkåret. Føremålet med alkohollova vil seia både det generelle føremålet i § 1-1 og dei spesielle føremåla med dei einskilde føresegnene.

Vilkåret må ikkje vera urimeleg tyngjande eller urimeleg av andre grunnar. Det er ein samanheng mellom desse to krava: Di klarare vilkåret fremjar føremålet med lova, di tyngre vilkår kan ein akseptera.

## **4.4 SALS- OG SKJENKJETIDER I KOMMUNEN.**

### Utdrag frå alkohollova:

Alkohollova inneheld føresegner om normal- og maksimaltider for sal og skjenking av alkohol. Men kommunen kan sjølv i stor grad avgjera sals- og skjenkjetidene sine. Ein kan ha kortare eller lengre opningstider enn normaltida i lova. Innskrenkingar eller utvidingar kan vera generelle eller for den einskilde sals- eller skjenkjestaden. Det er ikkje høve til å bestemma at det kan seljast eller skjenkjast utover maksimaltidene i lova.

Dersom ikkje kommunen i forskrift eller i einskildvedtak fastset sals- eller skjenkjetider, er det normaltida i lova som gjeld.

### **Tidsinnskrenkingar for sal av øl.**

Sal og utlevering av øl kan skje frå kl. 08.00 til kl. 18.00. På dagar før sundagar og helgedagar skal salet slutta kl. 15.00. Det gjeld ikkje dagen før Kristi himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for den einskilde salsstaden innskrenka eller utvida tida for sal i samsvar med det som følgjer av første ledd. Sal og utlevering av øl er likevel forbode etter kl. 20.00 på kvardagar, og etter kl. 18.00 på dagar før sundagar og helgedagar, så nær som dagen før Kristi himmelfartsdag. Ein kan fastsetje at øl ikkje skal seljast til visse tider på dagen eller på visse vekedagar.

Sal og utlevering av øl skal ikkje skje på sundagar og helgedagar, 1. og 17. mai og på valdagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting som er vedteken ved lov.

•

### **§4-4 Tidsinnskrenkingar for skjenking av alkoholhaldige drikkar.**

Skjenking av brennevin etter kommunalt løyve kan skje frå kl. 13.00 til kl. 24.00. Skjenking av vin og øl kan skje frå kl. 08.00 til kl. 01.00.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for den einskilde skjenkjestaden innskrenka eller utvida tida for skjenking i samsvar med det som følgjer av første ledd.

Den fastsette skjenkjetida kan utvidast for eit einskilt høve.

Det er forbode å skjenkje brennevin mellom kl. 03.00 og kl. 13.00 og å skjenkje øl og vin mellom kl. 03.00 og kl. 06.00.

Tida for skjenking av brennevin kan ikkje fastsetjast utover den tida det kan skjenkjast vin og øl.

Skjenking av brennevin er forbode på valdagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting som er vedteken ved lov.

Utskjent alkoholhaldig drikk må konsumerast seinast 30 minutt etter at skjenkjetida er slutt.

På overnattingsstader kan det skjenkjast øl og vin til overnattingsgjester utan omsyn til avgrensingane i denne paragrafen.

## **4.4.1 Gjeldande skjenkjetid i Aurland kommune.**

*I sak K 13/08 om Sals – og skjenketid i Aurland kommune, heiter det;*

***Den generelle skjenketida for brennevin i Aurland kommune vert sett til kl. 01.00. Den generelle skjenketida for øl og vin vert fastsett til kl. 02.00.***

***Den generelle skjenketida for skjenking ute vert fastsett til kl. 01.00.***

Dersom opningstida for eit særskilt høve vert utvida til etter kl. 01.00 får rådmannen fullmakt til å gje skjenkeløyve for øl, vin og brennevin til det same høve.

## Gjeldande salstid i Aurland kommune.

Den generelle sals- og utlevingstida for øl i Aurland kommune vert sett til kl. 20.00 på kvardagar. På dagar før sun – og helgedagar skal salet slutta kl. 18.00, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag.

### 4.5 DELEGASJON, SAKSBEHANDLING M.M.

Løyvesystemet er eit viktig alkoholpolitisk instrument. Difor skal kommunestyret, som det øvste politiske organet i kommunen, gjera dei fleste vedtaka etter alkohollova. Det er avgrensa høve til å delegera myndet til å gjera slike vedtak.

Det er høve til å delegera alle typar avgjersler etter alkohollova til formannskapet. I kommunar med parlamentarisk styreform kan dette delegerast til faste utval eller kommunerådet.

I Aurland kommune er delegasjon etter Alkohollova vedteke i:

**Delegasjonsreglement for Aurland kommune, vedtatt i kommunestyret 19.12.02 (sak 087/02).**

### 4.6 AVGIFTER FOR SAL OG SKJENKING.

Kommunen skal med heimel i alkohollova § 7-1 fastsetja gebyr for sals- og skjenkeløyve. Kapittel 11 i forskrifta tek for seg utrekningsmåten og minstegebyret. Minstegebyret skal sikra kommunen ei viss dekning av utgifter til behandling av søknader og kontroll.

#### 4.6.1 Avgifter.

Med heimel i Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v./Run dskriv 1-6/98, er det fastsett gebyr for kommunalt sal- og skjenkeløyve for øl og på kommunalt og statleg løyve for skjenking av alkoholhaldig drykk.

Forskriftene sitt gebyr på løyvet tek utgangspunkt i selde vareliter alkoholhaldig drykk .

**”Forskrifter om omsetting av alkoholholdig drikk m.v. (2005-06-08):**

##### **§ 6-1**

*Bevillingsgebyret for kommunal salgsbevilling for alkoholholdig drikk gruppe 1 og kommunal og stalig bevilling for skjenking av alkoholholdig drikk fastsettes for ett kalenderår om gangen for hver enkelt bevilling på grunnlag av forventet omsatt mengde alkoholholdig drikk*

##### **§ 6-2**

*Gebyret skal betales etter følgende satser:*

*Salg av øl*

*0,17 kr pr vareliter.*

*Skjenking av alkoholholdig drikk.*

*0,34 kr pr vareliter øl*

*0,94 kr pr vareliter vin*

*3,07 kr pr vareliter brennevin*

*Bevillingsgebyret utgjør pr år minimum 1200 kr for salg og 3500 kr for skjenking.*

*Bevillingsmyndigheten kan likevel i særlige tilfeller bestemme at gebyret skal settes lavere. For ambullerende bevilling kan bevillingsmyndigheten kreve et gebyr på inntil kr. 250 pr. gang*

##### **§ 6-3**

*Bevillingsmyndigheten fastsetter frister for bevillingshavers innsendelse av oppgaver over forventet omsatt mengde alkoholholdig drikk og innbetaling av gebyr.*

*Ved årets utløp skal bevillingshaver sende inn oppgave over faktisk omsatt mengde alkohol. Dersom det foreligger et avvik mellom tidligere oppgitt forventet omsetning og faktisk omsetning, kan bevillingsmyndigheten foreta en etterberegning og et etteroppgjør.”*

## **I K- sak 013/08 vart det gjort slikt endringsvedtak:**

Bevillingsgebyret utgjør pr år minimum 1200 kr for salg og 1200 kr for skjenking.

## **4.7 GJENNOMFØRING AV KUNNSKAPSPRØVEN OM ALKOHOLLOVA**

Kommunen er ansvarleg for å gjennomføra kunnskapsprøvar for styrarar og nestansvarlege i verksemder som har eller søker om kommunalt sals- og skjenkeløyve, jf. § 1-7c i alkohollova. Kommunen kan og halda slike kunnskapsprøvar for kandidatar som ikkje er knytte til verksemder med løyve. Sosial- og helsedepartementet har fastsett forskrift om dokumentasjon av kunnskapar.

## **4.8 KONTROLL MED SALS- OG SKJENKJELØYVE OG REAKSJONAR PÅ BROTT.**

Den kommunale kontrollen med sals- og skjenkeløyve er avgjerande for ein god alkoholpolitikk. Kontrollen med korleis løyvet blir brukt, er svært ofte eit effektivt verkemiddel mot dei vanlegaste problema rundt alkoholomsetning, slik som overskjenking, vald og fyll på offentlege stader.

### **Kontrollmyndet skal mellom anna:**

- føra tilsyn med at løyvehavarane følgjer alkohollova, vilkåra i løyvet og dei kommunale retningslinjene elles. Skjenkjekontrollen i kommunen bør først og fremst leggja vekt på å kontrollera
  - sals- og skjenketidene.
  - aldersgrensereglane.
  - om det blir selt eller skjenkt til tydeleg rusa personar.
- rettleia løyvehavarane om føresegnene i alkohollova og eventuelle lokale forskrifter.
- leggja grunnlag for sanksjonar, t.d. inndraging, dersom lov, vilkår eller retningslinjer blir brotne.

### **4.8.1 Kontrollverksemd i Aurland kommune:**

I Aurland kommune er formannskapet kontrollutval. Aurland kommune har i samarbeid med Regionrådet gjort avtale med Vest Service om den fysiske gjennomføringa av kontrollverksemda i kommunen.

### **Kontrollverksemda skal føregå på følgjande måte :**

- Kontrollørane skal ha ei rettleiings- og informasjonsplikt overfor skjenkestader i regionen.
- Minst ein gong i året skal kontrollantane informera skjenke- og salsstadene anten skriftleg eller munnleg om det regelverket som gjeld.
- Kontrollverksemda forpliktar seg til kvart år å ha eit møte med kontrollnemnda i kommunen for å informera om erfaringar med kontrollarbeidet.
- Det skal gjennomførast 3 kontrollar i året ved alle sals- og skjenkestadene i kommunen.
- Minst to av kontrollane skal leggjast til dagar då ein kan venta at det er auka aktivitet m.o.t. sal og skjenking.
- Etter kvar kontroll skal det skrivast rapport om resultatet av kontrollen til kontrollnemnda i kommunen.

## **4.9 FØREBYGGING OVERFOR SPESIELLE GRUPPER.**

Førebygging overfor spesielle grupper i faresona, omfattar både tiltak som grensar mot allmennførebygging, og tiltak som grensar mot behandling.

Sosialtenestelova gjev kommunen hovudansvaret for arbeidet med rusmiddelmissbrukarar. Det gjeld både førebygging og rehabilitering av personar med rusmiddelproblem. I tillegg har kommunen ansvar for å gje hjelp til born og pårørande av rusmiddelmissbrukarar. Andre etatar i kommunen har og eit ansvar for arbeid retta mot rusmiddelmissbrukarar, men det er sosialtenesta som bør vera den sentrale eininga i dette arbeidet, og som har samordningsansvaret, jf. § 3-2 i sosialtenestelova.

Førebygging overfor grupper i faresona rettar seg og mot problemskapande eller uheldige prosessar som ein ikkje har kunna hindra tidlegare. Målet er å avgrensa utvikling av, eller tilbakefall til, problemåtferd eller vanskelege livssituasjonar.

## 4.10 HELSEMESSIGE FØLGJER AV ALKOHOLBRUK.

Legekontoret har ikkje diagnose- eller skaderegister. Det finst difor ikkje oversyn over kor ofte alkoholbruk er einaste årsaka eller medverkande årsak til skadar eller sjukdom. Ein veit at på landsbasis er dei helsemessige konsekvensane av alkoholbruk store. Ein reknar med at store delar av sjukehusinnleggingar og legekonsultasjonar i året skuldast alkohol.

**Helsepersonell i Aurland møter tre typar helseproblem der alkohol er ein av årsaksfaktorane:**

- **Akutte skader ved rus:**  
Både måtehaldsbrukarar og storbrukarar av alkohol er utsette for slike skadar. Dei fleste skadane er mindre alvorlege.  
Kvart år ser ein likevel alvorlege alkoholskadar med store helsemessige konsekvensar.
- **Organskade etter langvarig alkoholbruk:**  
Storbrukarar av alkohol får mange sjukdommar. Desse pasientane går ofte ikkje til lækjar før dei har langtkomen sjukdom. Når dei er hjå lækjaren, vil dei ofte dekkja over at dei nyttar mykje alkohol.
- **Sosiale- og psykiatriske problem knytt til alkoholbruk:**  
Det er sjeldan misbrukarane sjølve kjem til lækjarkontoret med slike problemstillingar, men kona, mora og borna til misbrukaren ser ein oftare.

**Alkoholbruk er årsak til sjukdom og skadar for einskildpersonar og familiar også i Aurland kommune.**

## 4.11 UNGDOM OG ALKOHOL I AURLAND KOMMUNE.

Ungdom som veks opp i Aurland, vil oppleva at alkohol er akseptert i mange miljø. Tida rundt konfirmasjonsalderen markerer overgangen til "det å vere vaksen". Mange tek til med utprøving av alkohol og deltaking i "eit vakse miljø " på denne tida.

### 4.11.1. Skrivne reglar og lover.

Åtferda og drikkeskikkane til dei vaksne vert då lett norm for akseptert åtferd blant dei unge. Ein konsekvens av at det i mange heimar og i ulike ungdomsmiljø er lov å drikka alkohol, er at ungdommen får to sett reglar å halde seg til:

- **Uformelle og miljømessige regler som er ein del av oppsedinga til born og unge.**
- **Det er dei siste reglane som vert norm for åtferda til ungdommen og som regulerer deira omgang med alkohol.**

Etablerte ungdomsmiljø i heimbygda og på vidaregåande skulestader, har stor innverknad på den einskilde ungdom sine høve til å oppleva positiv meistring. Førebyggjande arbeid og opplysningsverksemd blant born og ungdom i grunnskulealder, vil i framtida få langt større betydning som grunnlag for meistring av vidaregåande skule - og skulestaden sitt ungdomsmiljø.

Lokale tilhøve som gjeld regelverk, politivedtekter og reglar for lagshus t.d. AIS, vert ikkje handheva tilfredsstillande. Ordensmakta er ikkje godt nok synleg. Delar av "ungdomsfylla" skuldast ofte manglande signal frå samfunnet om venta åtferd, og manglande "vaksenforståing" blant foreldre og den vaksne del av befolkinga.

## 4.12 LANGING, SMUGLING OG BRENNING.

Ein kan ikkje talfesta omfanget av langing, smugling og brenning, men ein antar at desse problemområda samla sett har mykje å seia for det generelle alkoholkonsumet og for ungdommen sin tilgang på alkoholhaldige drikkevarer.

Langing er eit problemområde som påtalemakta bør prioritera høgt. Dette problemområdet gjel d ungdom under 18 år og er difor sær viktig i høve "drikkepress" og oppvekstmiljø.

Debutalder for bruk av alkohol ligg i dag langt under lovleg aldersgrense i høve alkoholova. Hovuddelen av denne alkoholbruken kan sjåast i samanheng med "drikkepress" i ungdomsmiljø og tilgang på alkohol gjennom langing, smugling og ungdommen sin eigen heim.

Det må skje ei haldningsendring hjå den vaksne delen av befolkninga. Ein må sjå alkoholbruk blant mindreårige som eit felles ansvarsområde, der ein markerer at alkoholbruk under lovleg aldersgrense ikkje er samfunnsmessig ynskjeleg.

Som lekk i førebyggjande arbeid vert det oppmoda om at opne samkomer der born og ungdom er med, vert haldne frie for alkohol også mellom dei vaksne.

## **4.13 ANDRE FØREBYGGJANDE TILTAK.**

### **4.13.1 Tverrfagleg samarbeid.**

For å kunne setja i verk tilfredsstillande tilbod for born- og ungdom, vil ein i stor grad vera avhengig av eit tverrfagleg samarbeid. Ein kan på sikt tenkja seg samarbeidsoppgåver som:

- gruppeaktivitetar i ungdomsklubbverksemda.
- tilrettelagde aktivitetar for born- og ungdom med spesielle vanskar i skule og fritid.
- ung jobb verksemd.
- generell støttekontaktverksemd.
- Referansegruppe – samordning av lokale tiltak

Det er viktig at tiltak/tilbod til born- og unge i større grad vert samordna, at ulike faggrupper samarbeider, og at ansvaret for born- og unge sine oppvekstvilkår er fordelt på fleire sektorar. Foreldra sitt ansvar for eigne born må og sterkare framhevast, samstundes som faggruppene må prioritera samarbeid med foreldra..

Ei dialog må føra til eigna samarbeidsformer og tiltak. Foreldrerettleiing må ivareta og vere ei prioritert oppgåve i framtida.

**Viktige moment i all førebyggjande verksemd er:**

- auka heilskapstenking.
- samordna/koordinera tenester for born og unge.

### **4.13.2 Kommunal ungdomsverksemd.**

Det kommunale barne- og ungdomsarbeidet er knytt opp til kommunen si verksemd i ungdomsklubben COBRA.

Ungdomsklubben sitt tilbod er basert på spel, diskotek og sosialt samvær. Klubben deler lokale med skyttarlaget i AIS.

Gruppeaktivitetane i klubben er lagde til dagar utanom den ordinære opningstida i klubben.

Klubbverksemda deler lokale med skyttarlaget, og har ut i frå felles bruk, avgrensa høve til å auka aktivitetsnivået i klubben. Utvalet ser det difor som viktig at den kommunale klubbverksemda får høvelege lokale der det er mogeleg å ha fleire aktivitetar på klubbkveldane.

### **4.13.3 Skule .**

Alkohol -/rusmiddelbruk vert handsama som emne i ei eller fleire av lærebøkene til elevane f.o.m. 6. klasse og kvart årssteg oppover.

#### **4.13.4 Tema i skulane.**

At skulen gjer born – og ungdomar medvetne på å ta val som gjer at meistarar utfordringar som dei vil møte td. MOT.

#### **4.13.5 Rådgjevar**

Det tilbodet som elvane får gjennom avtalen om FRI vert vidareført. Dette er viktig sett i forhold til førebyggjande tiltak i høve til å vera røykfri.

#### **4.13.6 Tema om alkohol/rus.**

Haldningsskapande arbeid i høve til rus bør vera eit gjennomgåande tema i skulane  
Dette bør vera eit samarbeidsprosjekt mellom skule, sosialkontor, lensmannsetat og ungdomsklubben.

#### **4.13.7 Oppfølgingstenesta**

*Etter Reform L06 er det føreteke ein revisjon av Lov om vidaregåande opplæring som gir all ungdom mellom 16-19 år rett til 3-års vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen er i følge denne lova pålagt å ha ei "oppfølgingsteneste" (OT) for ungdom som **ikkje** er i opplæring eller arbeid.*

*Føremålet med (OT) er å sikra at all ungdom innanfor målgruppa får tilbod om opplæring, arbeid eller anna aktivitet.*

*OT skal til kvar tid ha oversikt over målgruppa, og sikra eit tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har ansvaret for målgruppa. I Sogndal er det tilsett ein OT-kontakt som har ansvaret for kommunane Aurland, Luster, Leikanger, Vik og Sogndal.*

#### **4.13.8 Skulehelsetenesta.**

Helsesyster driv informasjonsverksemd blant skuleelevar. I perioden, 8. - 10. klasse har ho gruppesamtalar om rusmiddelbruk. Helsesyster har kontordag ein gong pr. veke på ABU.

#### **4.13.9 Helsestasjonsverksemd.**

Helsestasjonen driv svangerskapskurs for gravide. Eit tema som vert teke opp, er alkoholen sin verknad på fosteret og verknad i høve amming. Dette vert og teke opp i samband med svangerskapskontrollane hjå jordmor og lækjar.

#### **4.13.10 Frivillige lag og organisasjonar.**

Frivillig lagsverksemd kan ha sær positiv innverknad på ungdommen sine oppveksttilhøve.

Det er av stor betydning at det vert sett i verk positive tiltak der ungdommen har høve til å møta den vaksne generasjonen i ein festsamanheng som ikkje inneheld alkohol.

#### **4.13.11. Tiltak for å hjelpa og behandla rusmiddelmissbrukarar.**

Behandlingsorienterte tiltak rettar seg mot personar som har utvikla rusmiddelproblem. Tiltaka skal tilpassast individuelt og ha som mål å hjelpa misbrukarane ut av misbruken. I nokre tilfelle er det aktuelt med omsorgstiltak for å hindra forverring eller lindra det som kan sjå ut som kroniske tilstandar. Ansvaret her ligg både hos kommunen og hos spesialisttenestene i fylkeskommunen.

Ut frå sosialtenestelova omfattar behandling ei lang rekkje tiltak som inkluderer identifikasjon, kartlegging, vurdering, rådgeving, behandling (terapeutisk), omsorg og oppfølging av personar med rusmiddelproblem.

Kapittel 6 i sosialtenestelova handlar om det kommunale ansvaret for særlege tiltak overfor rusmiddelmissbrukarar. Kommunehelsetenestelova, barnevernlova, sjukehuslova og lov om psykisk helsevern har óg relevante føresegner når det gjeld behandling for visse grupper med rusmiddelproblem.

I kapittel 6 heiter det at sosialtenesta skal:

- hjelpe den einkilde til å koma bort frå misbruken sin.
- gje råd, rettleiing og hjelp til den næraste familien til misbrukaren.
- syta for behandlingsopplegg i nærmiljøet eller ein høveleg institusjon.
- utarbeida tiltaksplanar for rusmiddelmissbrukarar som er i institusjon etter vedtak med heimel i § 6-2 eller § 6-2a.

Det blir lagt vekt på at sosialtenesta har eit ansvar for å følgja opp rusmiddelmissbrukarar som er under behandling i institusjon, og syta for oppfølging etter at institusjonsopphaldet er slutt.

Rusmiddelmissbrukarar er inga einsarta gruppe. Det er ikkje mogleg for hjelpeapparatet å behandla alle som i kortare eller lengre periodar har eit sosialt og medisinsk uforsvarleg misbruk. Ein må venta at familie og nærmiljø, arbeidskollegaer og andre stiller opp med både støttetiltak og korrigerande reaksjonar. Sosialt nettverk med mellommenneskeleg innleving, kontroll, omsorg og nærleik er viktig i denne samanhengen.

Det å oppleva eigenverd og kunna vera med i arbeidsliv og meningsfylt sysselsetjing kan vera avgjerande føresetnader for utviklinga vidare. Den offentlege innsatsen i kommunane må så langt det trengst, supplera og støtta opp om slik innsats i nærmiljøet.

Sosialtenestelova inneheld eigne føresegner om å halda personar tilbake i institusjon utan deira eige samtykke (§ 6-2), halda tilbake gravide rusmiddelmissbrukarar (§ 6-2a) og halda tilbake på grunnlag av eige samtykke (§ 6-3). Lova set strenge krav til kva som må liggja til grunn for å halda nokon tilbake etter § 6-2, og krav om at institusjonen skal eigna seg til dette føremålet.

Kapittel 7 i sosialtenestelova handlar om ansvaret som fylkeskommunen har for tiltak for rusmiddelmissbrukarar. Fylkeskommunen har ansvar for å:

- etablere og drive institusjonar med tilknytte spesialisttenester.
- utarbeida ein plan som viser korleis fylkeskommunen vil dekkja aktuelle og framtidige behov for tilbod.
- syta for at institusjons- og spesialisttilbodet blir drive i samsvar med lov, forskrifter og plan, og at det blir drive forsvarleg.

Mykje tyder på at langsiktig oppfølging og relasjonsbygging utanfor og i institusjon har mykje å seia.

Sosialtenesta i kommunane, som har hovudansvaret for å byggja opp hjelpe- og behandlingstilboda og gje eit heilskapleg tilbod, bør difor i nært samarbeid med dei aktuelle behandlingsinstansane leggja vekt på langsiktig oppfølging. Sjå § 6-1 siste ledd i sosialtenestelova.

Det krev ofte at ein må leggja til rette ordna tilhøve omk ring bustad, utdanning og arbeid eller yrkesretta attføring. I tillegg må eit heilskapleg opplegg ta omsyn til den totale livssituasjonen til misbrukaren. Familien hans eller hennar bør trekkjast med i oppfølginga der det lét seg gjera, og ein kan til dømes leggja til rette for at misbrukaren kan knyta kontakt med sjølvhjelpsgrupper.

Rusmiddelmissbrukarar er inga einsarta gruppe. Det bør ein ta omsyn til når ein utformar tiltaka. Difor kan det vera tenleg å skilja mellom:

- tiltak når ein grip inn tidleg.
- tiltak for meir langtkomne misbrukarar.

I Sogn og Fjordane er det ingen institusjonar eller institusjonsbaserte behandlingstiltak for rusmisbrukarar. Ein er i dag avhengig av å nytta institusjonsplassar utanfor fylket.

#### **4.13.12 Kommunal kompetanse.**

Arbeid med rusmisbrukarar og familiane deira krev spesiell kompetanse og utdanning. Dei samansette årsakstilhøva og konsekvensane i dette arbeidet stiller store faglege utfordringar til både førebyggjande tiltak og endring - og behandlingsarbeid.

Det er særst viktig i det kommunale tiltaksapparatet at dei som arbeider med problemområda, får nødvendig opplæring og rettleiing for å sikra god kvalitet på tenestene.

### **4.13.13 Rusmiddelkonsulent.**

Det er tilsett rusmiddelkonsulent ved dei vaksenpsykiatriske poliklinikkane i fylket. Stillingane er rettleiande- og rådgjevande for 2. line-tenesta i konkrete saker i kommunen. Aurland kommune er knytt til rusmiddelkonsulentstillinga i Sogndal.

### **4.13.14 Ettervern.**

Aurland kommune sitt ettervernsarbeid er i stor grad basert på samtaler mellom rusmisbrukar, familie og tilsette i hjelpeapparatet.

Aktuelle stillingar i kommunen sitt rusmiddelarbeid er: psykiatrisk sjukepleiar, kommunelegetenesta og dei tilsette ved sosialkontoret.

Fylkeslaget for Alkomanes Ettervern har ikkje eiga lokalgruppe i Aurland. Rusmisbrukarar i kommunen vil kunna nytta ettervernsgruppe i Årdal og Voss.

Ein ser det som viktig at det vert starta ettervernsgruppe i kommunen.

### **4.13.15 Aurland kommune – AKAN.**

Arbeidslivet sin komite mot alkoholisme og narkomani (AKAN) er oppretta av LO og NHO i samarbeid. Utvalet sitt mål er å førebyggja rusmisbruk gjennom informasjon og ved å hjelpa alkoholskadde og narkomane til eit normalt liv.

Aurland kommune som bedrift har eit operativt AKAN-utval. Sjå ”Retningsliner for AKAN-arbeidet i Aurland kommune” vedtatt i kommunestyret 14.06.01.

## 5 GJENNOMFØRING AV PLANEN

### 5.1 FØLGJANDE RUSMIDDELPOLITISKE TILTAK SKAL FØLGJAST OPP AV DEI EINSKILDE KOMMUNALE EININGANE:

- a. Det er viktig at skulen legg vekt på arbeidet med eit positivt skulemiljø blant elevane, for å motverka uheldig åtferd, m.a. knytt opp til rusrelaterte problem.
- b. Ungdomsklubben skal ha eit klårt delansvar for rusmiddelførebyggjande arbeid blant born- og ungdom. Foreldre og føresette vert oppfordra til samarbeid.
- c. Kunnskapsnivået om rusmisbruk hjå tilsette innan skule-, helse- og sosialeiningane må vidareutviklast i planperioden. Området må prioriterast og takast med i opplæringsplanen hjå kvar av desse einingane.

### 5.2 AVGRENSING AV SKJENKJELØYVE.

Kommunen skal føra ein kritisk sals- og skjenkjeløyvepolitikk, og ein streng kontroll med dei løyva som vert gjevne.

### 5.3 AVGRENSING AV SALSØYVE.

Kommunen skal føra ein kritisk sals- og skjenkeløyvepolitikk, og ein streng kontroll med dei løyva som vert gjevne.

### 5.4 GEBYR.

Følgjande gebyr på sal og skjenking av alkohol gjeld i Aurland kommune:

Gebyret for sals- og skjenkjeløyve vert fastsett for eit år om gongen, for kvart enkelt løyve, på grunnlag av venta omsett mengde alkoholhaldig drikk.

Gebyret skal betalast etter følgjande satsar:

- **Sal av øl :**  
0,17 kr pr vareliter.
- **Skjenking av alkoholhaldig drikk :**  
0,34 kr pr vareliter øl.  
0,94 kr pr vareliter vin.  
3,07 kr pr vareliter brennevin.
- **Minimumssatsar:**  
For sal – kr. 1.200.  
For skjenking – kr. 1.200.

For løyve som gjeld skjenking ved eit enkelt bestemt høve og ambulerande løyve, skal det krevjast eit gebyr på kr 250 pr gong.

*Det organet som gjev løyvet, fastset fristar for løyvehavar si innsending av oppgåver over venta omsett mengde alkoholhaldig drikk og innbetaling av årleg gebyr.*

Når året går ut, skal løyvehavar utan oppfordring senda inn oppgåve over faktisk omsett mengde alkohol. Dersom det ligg føre eit avvik mellom tidlegare oppgjeve venta omsetning og faktisk omsetning, kan det gjennomførast ei etterrekning og eit etteroppgjær.

Inntekter frå avgiftene vert øyremerkte til kommunen sin kontrollfunksjon og til edruskapsfremjande tiltak i lokalsamfunnet.

## **5.5 RETNINGSLINER FOR REAKSJONAR NÅR VILKÅR FOR OMSETNING AV ALKOHOLHALDIGE VARER VERT BROTNE.**

### **§ 1**

Når det vert avdekka brot på reglar for sal- eller skjenking av alkohol, eller anna regelverk som har samanheng med alkohollova sitt føremål, skal administrasjonen straks leggje saka fram for formannskapet som kontrollutval og deretter kommunestyret med framlegg til reaksjon (jmf. Delegasjonsreglementet av 19.12.02).

### **§ 2**

Følgjande reaksjonar skal kunne gjevast:

1. For fyrste gongs brot på reglar for overskjenking og om tidsgrenser for skjenking av øl, vert det vurdert inndraging av løyvet frå ein dag til 3 månader.
2. Ved fyrste gongs brot på reglar om sal eller skjenking til mindreårige og om mindreårig si deltaking i sal eller skjenking av alkoholvarer, vert det vurdert inndraging av løyvet frå to veker til eit år.
3. Ved fleire gongers brot og /eller ved særleg alvorleg brot på regelverket, skal inndraging normalt skje for resten av løyveperioden.
4. Ved brot på føresegner gjevne i eller i medhald av andre lover når føresegnene har samanheng med alkohollova sitt føremål, vert det vurdert inndraging tilsvarande som i pkt. 1 og 2.
5. Ved manglande innbetaling av alkoholavgift eller dersom løyvehavar let vera å etterkoma eventuell oppmoding frå kommunen om å senda inn inntektsoppgåve for alkoholomsetnad som berekningsgrunnlag for avgift, vert løyvet vurdert inndrege til avgift vert betalt.

### **§ 3**

Elles gjeld retningslinene for kontroll med skjenking av alkoholvarer og sakshandsamingsreglar i forvaltningslova og i forskrift av 11.12.97 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. kap. 7.

## **5.6 EVALUERING OG RULLERING AV PLANEN.**

Planen skal handsamast i kvar kommunestyreperiode. Dette skal skje i framkant av kvar ny løyveperiode.

Planen skal handsamast neste gong i 2012.